


BOKN BYGDABLAÐ

NR. 5 JUNI 1991 ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKNAVEKA 23.-29. JUNI



I samband med at Kyststamvegen gjennom Bokn vert åpna, og ferjetrafikken Bokn - Randaberg vert sett i drift den 26. juni, skal dette markerast på mange vis.

Programmet ser slik ut (med forbehold om endringar):

Søndag 23. juni arrangerer Bokn skulemusikkorps Boknafestival. Dette er som vanleg ei mønstring av musikkreftene i kommunen og innbudne gjester.

Søndag kveld arrangerer Bokn Røde Kors St.Hans - fest med bål. Dette vert eit familiearrangement som skal foregå i friluft. Det er ikkje endeleg avgjort kor det skal vera.

Måndag den 24. juni har Bokn Brass premiere på revyen LANDFAST.

Onsdag den 26. juni på vegåpningsdagen skal Vegvesenet ha lunch for 150-200 gjester ved Bokn skule frå kl.11.30 -kl.13.00 Den 26.juni er sjølve dagen kor det heilt store skal foregå. Då vert det offisiell åpning av Kyststamvegen på Arsvågen ferjeleie v/ HM Kong Harald V. Dette skal skje i tidsrommet frå kl. 14.10 - kl. 14.45 i Arsvågen. Før dette skal HM Kongen besøkja Boknatun, kor det vert eit kort arrangement frå kl.13.30 - kl. 14.00 i Allrommet med besøk ved Bokn sjukestove.

Det er ennå ikkje bestemt kven som skal overrekka Kongen og kronprins eller prinsesse blommar, men det blir to barn frå Bokn i 8-9 års alderen.

Det er heller ikkje heilt avgjort om det er kronprinsen →

BOKNAVEKA 23.-29. JUNI

eller prinsessa som blir med Kongen til Bokn.

Etter at Kongen er reist frå Arsvågen kl. 14.45 blir det frå kl. 16.00 - kl. 18.00 utstillingar og matsal ved Bokn skule. Det blir også underholdning av m.a. Haugaland Trommekorps.

Frå kl. 18.00 - kl. 20.30 blir det folkefest i telt på skuleområdet. Her blir det lokal underholdning bunde saman av løgnasen Per Inge Torkelsen.

Torsdag 27. juni vert det igjen revy.

Fredag 28. juni vert det BARNAS DAG og revy om kvelden.

Feiringa blir avslutta laurdag den 29. juni med Firebruersløpet og Bruamarsjen arrangert av Bokn Idrettslag og Rogaland Vegvesen.

Det vil bli sendt ut nærare detaljert program for FESTVEKA seinare.

Når det gjeld Firebruersløpet og Bruamarsjen viser ein til brosjyre med påmeldingsslipp som i desse dagar vert å finna i postkassane i Bokn og fleire nabokommunar.

KOMMUNEN GARANTERER FOR BOKN-PROSJEKTET

Tungenes Ferjeterminal A/S har søkt om å få gjera ein tidlegare byggelånsgaranti om til garanti for det langsiktige lån etter same fordeling som tidlegare.

Fordelinga er slik:

| | |
|------------------|--------------|
| Rogaland f-komm. | 135 mill.kr. |
| Stavanger komm. | 40 mill.kr. |
| Randaberg komm. | 5 mill.kr. |
| Rennesøy komm. | 5 mill.kr. |
| Bokn kommune | 5 mill.kr. |

Karmøy kommune har vedtatt å ikkje stille garanti for lånet.

Ein garanti som nemnt ovafor vil gi ein reduksjon i rentene på 1,3% i forhold til låneavtalen si rente, og berekningar viser at trafikantane vil spara 20 til 45 mill. kr. avhengig av trafikktviklinga.

I møtet den 15. mai vedtok Bokn kommunestyre mot 2 røyster å garantera for 5 mill. kr. for det langsiktige lånet i samsvar med søknad frå Tungenes Ferjeterminal A/S.

NY BARNEHAGEAVDELING FOR 6-ÅRINGAR OG SKULEFRITIDSTILBOD FOR SMÅSKULEN

Bokn får ny barnehageavdeling for 6-åringar lagt til Bokn skule frå august 1991. Dette vedtok kommunestyret den 15. mai.

Tilbodet for 6-åringar gjeld både heildagsplassar og halvdagsplass 3 dg. i veka.

I tillegg vil det også sannsynlegvis bli tilbod om skulefritidsordning for elevar i 1., 2. og 3. klasse frå kl. 07.30 - 15.45 i den tida dei ikkje har undervisning frå hausten av.

Barnehageutvidinga har medført at alle som har søkt om barnehageplass i Bokn vil få plass frå august 1991, og småbarnsforeldre som har barn i småskulen kan sannsynlegvis få tilbod om fritidsopphald for ungane frå morgon til ettermiddag om dei har behov for dette.

IKKJE DYRARE Å LEIGA SKULEN

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte samrøystes at utleigesatsane ved leige av lokale på Bokn skule skal vera som i dag. Dette var i samsvar med eit tidlegare vedtak i kulturstyret.

Saka kom opp etter at skulestyret hadde gått inn for å leggja på leigesatsane slik at dei dekte dei reelle utgiftene til vask. Skulestyret meinte at ein heller kunne gi lag og organisasjonar meir i støtte slik at dei fekk kompensert for auka leige av lokale.

Rådmannen sa i saksframstillinga at dei ulike arrangementa som er ved Bokn skule er med på å gi trivsel og samhald i kommunen, og at det ville vera meir hensiktsmessig å gå ned i leigesum for å stimulera til meir aktivitet.

SKULEBARN OG BARNEHAGEBARN FÅR ULUKKESFORSIKRING

Bokn kommunestyre vedtok i siste kommunestyre samrøystes å innføra kollektiv ulukkesforsikring for skuleelevar og barn i barnehagen i Bokn.

Kommunen har eigentleg ansvaret sitt dekkja gjennom ei generell ansvarsforsikring, slik at denne nye forsikringa er ein rein service ovafor kommunen sine barnefamiljar. Forsikringa kan likevel vera med å dekkja eit eventuelt ansvar kommunen måtte få ved ei ulukke av storleik som går ut over rammene for den generelle ansvarsforsikringa.

UTVIDING AV KYRKJEGARDEN

Bokn kommunestyre godkjende i siste møte ein plan for utviding av kyrkjegarden i Bokn.

Planen skal til Stiftsdireksjonen for endeleg godkjenning.

Det er ei planmnd som har hatt sokneprest Finn Bårdsen, ordførar Leif Vatnaland og Leiv Våga som medlemmer som starta arbeidet med detaljplan i 1990.

Den nye delen har plass til 420 graver, og ligg hovesakleg nord for den kyrkjegarden som i dag er i bruk. Utvidinga skal dekkja behovet for gravplasser i 40 år.

Plannemnda meiner at det må vera eit mål å få bygd steingard rundt heile den nye kyrkjegarden.

Ein tenkjer seg at arbeidet med kyrkjegarden skal foregå i 2 etapper, men at dei grovaste anleggsarbeida vert tatt i første byggetrinn for å hindra at kyrkjegarden skal sjå ut som ein anleggsplass i årevis.

Første byggetrinn er tenkt sett i gang i slutten av august i år. Ein har ei kostnadsramme på kr. 470.000 til første byggetrinn.




MIN FØRSTE TUR TIL SJØS

Av Hilmar Svendsen

Etter at eg hadde gjordt det så godt som dreng på Øvre Stokka, kom eg heim. Her var lite å gjera. Prøvde å koma inn som lærling fleire plasser. Prøvde m.a. å koma inn på någe som heite Hærens Befalingsskule i Kristiansand, men der måtte ein ha middelskulen (realskulen) og god helsa, samt feilfrie tenner for å koma inn. Nogen realskule hadde ikkje eg. Helsa var god, men tennene var det så

så med. Så det gjekk ikkje. Det var vanskeleg å koma til sjøs, men til slutt fekk eg hyra. Den 30.10.37 mønstra eg på M/T "President Herrenschmidt" til Sig. Bergesen. Eg skulle vera lettmatros. Hyra var kr.91,- pr. mnd. pluss tanktillegg. Seinare vart eg matros. Då blei hyra kr. 179,- pr.mnd. Eg kom heim i mai 1939. Båten blei bomba og har lege som vrak i nærheten av St. Nazaire.

FORLIS PÅ SILDAFISKET



Det var vinteren 1942. Eg skulle vera med ei skøyta til Håkon Hatløy. Me skulle på sildafiske. Skøyta var heilt ny. Motoren var ein 30 HK Rubb. Den hadde tidlegare stått ombord i "Sonja" av Alvestad.

Me hadde drege lenken på Sirahavet og var på veg til Haugesund. Det var SO kuling og svær sjø. Klokka var ca. 03.00 natt til tirsdag. Me sat 3-4 mann nede forut då fartøyet stupte ned i ein brottsjø. Skøyta sprang lekk. Motoren stoppa straks etter, og lyset gjekk. Det var svarte natta med snødrev. Temperaturen var ca. 8-9 grader minus. Det var svært kaldt. Nå kom det vel med at

det ikkje var sild på garna, då hadde me gått ned med ein gong. Me heiv lenken over bord. Drevkabelen sette me ut med eit anker på enden. Det var eit forsøk på å få skøyta opp mot vinden. Men uten resultat. Det var nifst. Me trudde alle vår siste time var komen. Det gjekk mange bøner oppover med gode løfter og om å bli redda. Vatnet var stege så mykje at sjøen stod til toppen av motoren. Forut stod sjøen til benkene. I rommet var det slingreskott på begge sider, Me la nogen luker på tvers i rommet og tok til å ausa med pøsar.

FORLIS PÅ SILDAFISKET

Slik holdt me skøyta flytande i nesten 3 døgn. Det var vanskeleg å få fotfeste på lukene, for skøyta slingra voldsomt. Me var 2-3 mann på kvart skift. Ausinga gjekk utan stans. Det verste var at me ikkje hadde mat ombord, me skulle proviantera i Haugesund. Drikkevatt hadde me heller ikkje, for tanken var frosen. Slik dreiv me nordover og til havs. Radiosendar hadde me ikkje. Redningsskøyta låg i Haugesund og var ikkje ute. Me heldt skøyta flytande til torsdag morgon. Det var då blitt fint ver, nesten stille, men høg sjø. Då fekk me sjå ein stor lastebåt eit stykke unna. Det måtte vera ein tysk båt. Me sette fyr på noen garnblåser. Det blei eit nødbluss. Lastebåten stoppa. Me gjekk ombord i ein liten lettboat som me hadde. Det var så vidt den flaut med oss. Me jubla og trudde at nå var me redda. Då me nærma oss båten sette den full fart på og gjekk frå oss. Då blei me verkeleg skuffa. Då me kom tilbake til skøyta låg ho

på skandekket og var synkeferdig. Me våga oss ombord og fekk med oss kompasset og noen pøsar. Etter ei stund gjekk skøyta ned. Ho sakk med akterenden fyrst. Det er trist å sjå eit fartøy gå ned.

Me rodde i ca. 8 timar rett ost etter kompasset. I grålysinga fekk me sjå eit stort fyr dukka opp i horisonten. (Alle fyr var sløkte under krigen.) Fyret var Utvær fyr ved Solund. Så langt hadde me dreve frå Sirahavet. Me kom inn til Nautøyane - eit lite fiskevær. Me kom inn i någe

stygge brekningar med lettbooten. Ein håfiskar slepte oss inn. Mannen sa han aldri hadde sett nogen båt koma inn der.

Då me kom på land kunne me nesten ikkje setja bein under oss. Me blei godt mottatt. Maten me fekk var det vanskeleg å beholda, me hadde ikkje ete på 3 døgn. Det skulle gå ein kutter til Bergen, og den fekk me fylgja. Då me kom ombord i natruta ville styrmannen jaga oss på land, for me såg nok fele ut.

Det blei ikkje någe meir fiske for oss. Den litle båten me berga oss i blei seinare sendt til Kopervik. Den stod lenge på kaien. Folk var forundra at nogen kunne redda seg i ein slik liten båt.

Me kom oss nå velberga heim. Det var krig og me hadde lite av både mat og klær, særleg sengkjør, for eg hadde fått med meg på fiske det likaste me hadde, og alt gjekk tapt. Eg vil nå fortelja ei solkinshistorie i alt dette triste. Ein kald februarkveld etter at eg var komen heim sat me i stova då det banka på døra. Der sto ein mann med ein stor pakke under armen. Det var Rasmus Trelhaug. Han helsa og sa han hadde høyrte at Hilmar mista alle klørne i forliset, og lurte på om me hadde bruk for denne pakken med ulltepper. Det var 2 ulltepper. Me har vel aldri mottatt ei slik kjærkome gåve, og vart både glade og takknemlege for det. Slikt vert aldri gløymt.

Neste forlis eg var med på var endå meir dramatisk.


BOKN FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30



LESETIPS

VAKSNE

Carr, Philippa:
Trolldomsnetter

Hoffman, Alice:
Syvende himmel

Dangarembga:
Sisi Tambu

Tolstoj, L.:
Oppstandelse 1 og 2

BARN/UNGDOM

Heuck, Sigrid:
Månejegeren

Doney, Meryl:
Hemmeligheten

Bødtker, Marit:
Kristian og kniven

Kloster, Gunvor:
Maia og den lange krigen

**BIBLIOTEKET INNEHELD
MEIR ENN DU TRUR.
ALT ER GRATIS!**

SKULEOMBYGGINGA STARTAR

Den 24 juni i år startar skuleombygginga. Bogn kommunestyre har vedtatt at arbeidet med småskuledelen (1.-3. klasse) skal utførast i skuleferien. Denne delen av arbeidet skal vera ferdig 26. juli, og ein vil då få tid til reingjering, innreing og anna førebuingarbeid før skulen tar til att etter ferien.

Bogn kommunestyre har også vedtatt at plannemnda for skuleombygging skal leggja fram forslag for kommunestyret anbodsdokument for vidare ombygging for mellomsteget (4.-6.klasse), mediateket og austre inngangsparti innafor avsette midlar til skuleutbygging for 1991, med sikte på ferdigstilling i 1991.

Kommunestyret måtte ha ekstra kommunestyremøte for å få avgjort saka om vidare utbygging, fordi saka første gong ikkje fekk 2/3 fleirtal. Eit forslag frå Gunn

Grønnestad (Høgre) om at vidare utbygging skulle vurderast etter at 1. byggetrinn var ferdig, og kommunestyret hadde tatt stilling til planløysing av undervisningsareal for mellomtrinnet og austre inngangsparti, fekk 6 røyster mot fleirtalet sine 11 i begge kommunestyremøta.

Dei ulike firmaene som har fått tilslag på oppdraget er:

Tømmer/snekker/betongarbeid:
Skorpes Byggservice A.S.

Elektrikararbeid:
Brødrene Jakobsen A/S.

Sanitær- og varmeanlegg:
Sverre Miljeteig.

Ventilasjon:
Karmsund Ventilasjon.

Malararbeid:
Haugesund Malerservice.

Golvlegging:
Fjeldkårstad Golv A/S.

SR-PlusService

Fordelskortet som gir deg ekstra trygghet og sparer deg for hundrevis av kroner. Du får det i SR-BANK.

BE OM BROSJYRE OG INFORMASJON
I BANKEN



NOMINASJONAR Bokn Senterparti

Som siste parti i Bokn har nå Senterpartiet nominert sine kandidatar til kommunevalet i år:

1. Leif Vatnaland
2. Bernhard Våge
3. Venche L. Havikbotn
4. Thor Jøsang
5. Anne Marie Medhaug
6. Rune Vatnaland
7. Ragnhild Laupland
8. Sigvart Våga
9. Vidar Grønnestad
10. Inger Sønnøve Bokneberg
11. Bjarte Kro
12. Daniel Thuestad
13. Trond Nedrebø
14. Anna Grønnestad
15. Osmund Våga
16. Maud Alvestad
17. Johannes Nilssen
18. Målfrid Langhelle
19. Alf Åge Alvestad
20. Solrunn Alvestad
21. Trygve Alvestad
22. Torleif Jøsang
23. Norunn Jordbrekk
24. Eiliv Vatnaland

STEINGARD PÅ KYRKJEGARDEN

Som sikkert har registrert er det bygd opp ny, fin steingard i søre del av kyrkjegarden. Steingarden er sett opp av Einar Heskja og ein medhjelpar frå Tysvær til ein pris av kr. 1.200 pr løpemeter. Steingarden er på 45 meter, og det er eit svært fint arbeid som er lagt ned. Med noko meir planting vil nå denne delen av kyrkjegarden få eit heilt anna preg, og i større grad tilfredsstillast dei estetiske krav ein bør stilla til ein kyrkjegard.

NYE LÆRARAR VED BOKN SKULE

Fleire nye lærarar er begynt ved Bokn skule. Ein har vore så heldig og fått så og seia alt personale med godkjend utdanning.

Nye lærarar frå dette skuleåret er:

Elisabeth Lundervold Sjørdal
Jan Sollid
Per Froestad

Desse er klassestyrarar:

- 1.kl: Elisabeth L. Sjørdal
- 2.kl: Ingunn Are
- 3.kl: Arvid Jøsang
- 4.kl: Jorunn Scmeichler
- 5.kl: Inge Birkeland
- 6.kl: Per Froestad
- 7.kl: Brit Oppsal
- 8.kl: Jan Sollid
- 9.kl: Liv Birknes

Andre lærarar:

Sigmund Kveinen
Jardar Havikbotn
(er også rektor ved Bokn Musikkskule).
Sigrunn Hole Hosaas
Venevil Birkelund
Astrid Sollid (er også leiar for PPT i Bokn)
Ingjerd Thuestad (er også undervisningsinspektør).

KOMMUNESTYRET VIL HA 4290 BOKN SOM POSTADRESSE

Eit samrøystes kommunestyre sa seg i møte den 15. mai same i at 4290 Bokn er ei betre postadresse til innbyggjarane i kommunen enn 4290 Føresvik.

Saka vert nå sendt til Postdirektoratet for endeleg godkjenning.

RESULTAT FRA ORIENTERINGSLØP

Bokn idrettslag arrangerte sitt første offisielle orienteringsløp den 10. mai og 48 entusiastiske barn og ungdom stilte til start. I tillegg til lokale deltakere var det også med løpere fra Tysvær, Haugesund og Karmøy. Fire løyper var lagt ut i området nord for Føresvik.

RESULTATER FRA NYBEGYNNERLØP

I BOKN DEN 10.05.1991

SNOR

2 KM -LETT NYBEGYNNER

| Navn | Slutt-tid | Klubb | Navn | Slutt-tid | Klubb |
|-------------------|-----------|----------|--------------------|-----------|--------|
| Grethe Øvrebø | 0.P.P | Bokn | Gudmund Holberg | 49.41 | Bokn |
| Irene Alvestad | 0.P.P | Bokn | Øivind Espeland | 50.01 | Tysvær |
| Arnstein Hosaas | 0.P.P | Bokn | Katrine Sætre | 51.22 | Tysvær |
| Bjørn Thuestad | 0.P.P | Bokn | John Øvrebø | 57.02 | Bokn |
| Ingrid Are | 0.P.P | Bokn | Åsmund Alvestad | 57.02 | Bokn |
| Lars M. Hosaas | 0.P.P | Bokn | Tor Å. Dahle | 58.06 | HIL |
| Jo Are Ingvaldsen | 5.P.P | Thuastad | Anne Britt Aksland | 64.24 | Tysvær |
| Hilde L.Sæbø | 5.P.P | Bokn | Ingunn Søndena | 64.24 | Tysvær |
| Marie Thuestad | 5.P.P | Bokn | | | |
| Ellen B. Bakken | 10.P.P | Tysvær | | | |
| Unni Bringedal | 10.P.P | Tysvær | | | |
| Frank Svendsen | 15.P.P | Bokn | | | |
| Solveig Skaar | 15.P.P | Bokn | | | |
| Annelin Foss | 15.P.P | Bokn | | | |
| Henning Jøsang | 25.P.P | Bokn | | | |
| Kirstin Hosaas | 25.P.P | Bokn | | | |
| Anne M. Faye | 25.P.P | Bokn | | | |
| John O. Rasmussen | 25.P.P | Bokn | | | |

2.5 KM

SNOR-LEDE

| | | | | | |
|------------------|-------|--------|-------------------|-------|----------|
| Richard Skaar | 31.25 | Bokn | Øistein Hervik | 38.06 | Tysvær |
| Johnny Borgenvik | 31.25 | Bokn | Runar Ingvaldsen | 40.02 | Thuastad |
| Svein Bringedal | 36.22 | Tysvær | Leif A. Sæbø | 40.24 | Bokn |
| Rune Hervik | 37.17 | Tysvær | Torbjørn Espeland | 41.00 | HIL |
| Roger Jøsang | 39.17 | Bokn | Ragnvald Nilsen | 43.14 | HIL |
| Lars Halvorsen | 46.52 | Tysvær | Torstein Alvestad | 48.24 | Bokn |
| Inger m. Våge | 82.24 | Bokn | Thomas Aanensen | 48.46 | HIL |
| Linda Kro | 82.52 | Bokn | Kennet Hervik | 49.17 | Tysvær |
| Egil Rasmussen | Disk | Tysvær | Bjørn Jøsang | 49.41 | Bokn |
| | | | Rune Hansen | 63.55 | Thuastad |
| | | | Jan A. Antonsen | 71.56 | Thuastad |
| | | | Mona Faye | 72.22 | Bokn |
| | | | Fredrik Faye | Brutt | Bokn |

Idrettslaget vil takke alle frivillige som deltok under

forbredelsene og avviklingen av stevnet.

Hans Faye

BOKN - GÅVE TIL KONGEN

Overrekking av gåve til HM Kong Harald V skal skje under arrangementet i Arsvågen.

Gåva er eit applikert teppe med ulike motiv henta frå natur og daglegliv i Bokn.

Gåva er laga av boknaren Solrunn Alvestad.

HM Kong Harald V og det av kongebarna som kjem til Bokn vil få blomsterbukettar overrekt av to barn frå Bokn når Kongen me fylgje kjem til Arsvågen.

Det er Randi Syversen Are som skal binda blomsterbukettane.

MÅNEDENS DIKT av Helge Torvund

SVALENE SVINGER SEG HØGT

Svalene svinger seg høgt
i den heite juniettermiddagen
Eg prøver å tenka attende
til det punktet redsøa kom ifrå
medn varmen bryt tankane ned
og strekkjer fingrane etter
eit glas

Eg har direkte kontakt med
hjarta mitt
og av og til med ditt
Eg ligg inni kroppen min
og ser på deg med glede og
avstand

Kom ikkje du ut av ei mørk verd
og smilte til meg med ein tung
varme

Visste ikkje du at dette var
ein einaste augneblenk i to
lange liv

Kvifor vart det ikkje ein
augneblenk

men augneblenk på augneblenk
på augneblenk

Og me starta dei lange
fletningar

av tankar og ord i vårt
kroppsslege alvor
vårt nattlege landskap av
lange låttar

Kvifor gjekk me ikkje forbi
kvarandre

og vart borte i ein vrimmel av
folk

Kvifor reiste eg brått ut av
byen

for å oppsøkje svar på desse
spørsmåla

Fra Lyssmeden, 1983

HM Kong Harald V TIL BOKNATUN

Når HM Kong Harald V gjestar Bokn kommune på Boknatun, vil det bli omvising på Bokn sjukestove. I tillegg til dei eldre som er bebuarar der, vil også ein del av dei eldste i kommunen bli invitert til arrangementet som er på Allrommet.

Kongebesøket er på Boknatun er frå kl.13.30- kl. 14.00.

Etterpå går turen til Arsvågen kor åpningsseremonien av veg og ferjeleie er frå kl.14.10-kl.14.45.

GJØDSELSEKKENE FORSVANN

I påskehelga forsvann det i alt 16 sekker med gjødsel frå ein bonde på Bokn.

Først vart 7 sekker borte. Etter ei tid forsvann 9 sekker til. Sekkene låg slik til at det var eit godt stykke frå der bonden budde.

FALSKE TAKTEKKARAR

Ein pensjonist hadde besøk av to personar før 17. mai. Dei tilbød seg å ordna taket på huset.

Dei bad om forskotsbetaling. Dama vart engsteleg og betalte fleire tusen kroner. Seinare har ingen sett karane.

Folk bør vera forsiktige med å sleppa inn seljarar o.l., og ikkje ha for mykje pengar liggjande.



SOMMERVIKAR VED

TEKNISK ETAT

Teknisk etat søker sommervikar til diverse bygnings- og parkmessig vedlikeholdsarbeid.

Arbeidsperioden blir 01.07-02.08.91.

Søkere som har fylt 18 år vil bli foretrukket.

Skriftleg søknad sendes teknisk etat innen 17. juni.

5. KLASSE I LOTEN

Torsdag 23. mai fekk me i 5. klasse oppleve ein litt annleis skuledag. Me møtte opp på skulen som vanleg, men etter fyrste time drog me ut til Loten. Der var Leiv, Berta og Liv. Dei fleste av oss var no litt spende på kva som skulle skje.

Fyrst av alt gjekk me inn i fjaset. Der fekk alle som ville prøva å mjølka ei ku med hendene, men det var ikkje så lett. Etterpå tok Leiv mjølka ut for å ha ho i ein god, gamal seperator. Det var artig å sjå korleis mjølka blei skild frå fløyten. Me tok til å piska krem av fløyten.

Etterpå skulle me kinna smør, og det skulle også gjerast med hand. Mens me stod der og kinna fortalde Leiv, Berta og Liv oss om korleis dei måtte gjera detta før i tida. Då smøret var ferdig og Leiv hadde hatt salt oppi kunne me smaka. Mmmm, det var kjempe godt !

Etterpå fekk me ein liten pause og då kørde me med ei gamal kjerre som stod på tunet i Loten. Nokon sat oppi mens andre drog, det var veldig kjekt !

Då me var ferdig fekk me boller, smør, krem og mjølk på terassen hans Leiv. Alt var heimelaga og godt ! Alle var enige om at dette hadde vore ein lærerik dag.

TAKK FOR EIN FIN DAG LEIV, BERTA og LIV !

Helsing 5. klasse.



BOKN KOMMUNE ledige stillingar

Under forutsetning av vedtak i administrasjonsutvalet vert desse vikariata ledige ved helse- og sosialetaten:

- 1) 1/2 stilling som aktivtør frå 17.juni-91 - 31.desember-91.
Arb.tid kl.15-19
månd-fred.
Løn: ltr.14-19 etter 16 års ansiennitet.

- 2) Nattevakt i 16,9% stilling frå 17.juni-91 - 26.jan.-92.
Arb. tid kvar 3.helg.
Løn etter utd./praksis.

Opplysningar om vikariata fås hos pleie og oms.sjef Gunn Grønnestad eller avd.

sjukepleiar Marie Løvoll
Faye, tlf. 74 85 00.

Søknad sendes adm.utvalet, Bokn kommune, 4290 Føresvik, innan 7.juni 1991.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300

Halv side:kr.150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR. I JUNI:

1. og 2. juni har Den norske sjømannsmisjon kretsmøte på Bokn skule. 1. juni fest kl. 19.00.
2. juni middag kl. 13.00.
(Påmelding til middag. Sjå oppslag)

1. juni har GURI (Glad Ungdom Ruser Ikkje) i samarbeid med klubbane Kremen, Petra, Diskoteket og Tysvær og Bokn kulturkontor GURI-arrangement på Plattingen kl. 20.00.
Rusfritt arrangement.
Alder frå 7.klasse.
Sjå oppslag.

8. juni Dans. Musikk:
Rebells. Arr: Bokn Idrettslag

22. juni Dans på Plattingen.
Musikk: Rapido.
Arr: Diskoteket.

23. juni - 28. juni:
Festveke i samband med åpning av Kyststamvegen gjennom Bokn. Sjå program annan stad i bladet.

STIFTINGSMØTE NEI TIL EF

Onsdag 5. juni vert det møte på musikkrommet på Bokn skule kl. 19.15.

Innleiarar på møtet vert: Unni Orrestad SP og ein representant for styret i Nei til EF i Rogaland.

Etter innleiing/diskusjon vert det val av styre for lokallag på Bokn.

LEDIG STILLING AVLØYSAR

Me treng avløysar på garden. 5 dagar i veka frå 1. august og ut året.
tlf. 74 85 98.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den 10. juni.
Påmelding tlf. 74 85 00
NB! Dette er siste fotpleiedag før ferien!

ER LAGSKASSA TOM?

Bokn Handelslag delar ut midlar til foreningar og lag i Bokn. Søknadsfrist 25.06.91.

Helsing Bokn Handelslag

HOBBYBRAKKA

Åpningstider i BOKNAVEKA 24-29 juni:
kl. 11.00-kl. 15.00. Stengt onsd. 26.6.
Stengt kveldstid i BOKNAVEKA

SKULESTYREMØTE

Det vert skulestyremøte den 20. juni.

REVY

Bokn Brass vil framføra revyen LANDFAST på 3 forestillingar som skal foregå i FESTVEKA frå 23.-29. juni.

Revyen skal spelast ved Bokn skule den 24., 27. og 28. juni.

Det er medlemmer av Bokn Brass som sjøl skal framføra revyen, med hjelp av ei musikkgruppe av unge musikarar i musikkskulen. Øvinga foregår for fullt, og det blir nesten utelukkande lokalt stoff som i stor grad har tilknytning til at Bokn nå er blitt landfast.

Dei som har skrive revyen er :
Linda Ognøy, Jardar Hvikbotn,
Liv Vatnaland, Arvid Jøsang
og Reidar Alvestad.